

Eksamen

26.05.2020

AMB2001 Grunnleggjande helsefag / Grunnleggende helsefag

Programområde: **Ambulanse**

| Eksamensinformasjon | |
|---------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timar. |
| Hjelpemiddel | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kjelder | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| Informasjon om vurderinga | I vurderinga vil det blir lagt vekt på at du: Kan beskrive korleis du vil løyse caseoppgåva og grunngir kvifor Trekker inn aktuelle fagområder i grunngivinga Viser innsikt og fagleg forståing Nyttar korrekt fagterminologi Ser heilskapen og samanhengen mellom teori og praksis Har god struktur i eksamenssvaret |
| Andre opplysningar | Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5. Klargjering av uttrykk i spørsmålsformuleringa: Beskriv: Gjengiving av eller forklaring på eit problemområde, situasjon eller fenomen. Gjer greie for: Forklaring med eigne ord som viser forståing for det ein har lest/lært. Inneber ein viss grad av tolking som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eige, og at dei synspunkta som vert sette fram vert grunngivne. |

Case/situasjonsbeskriving

Du er på nattevakt ved ein ambulansestasjon som andre års lærling.

Kl 23.00 får de eit oppdrag, køyrekode gul (kode 2).

Ved ankomst finn de ei 79 år gammal kvinne liggande i senga. Ektemannen er til stades. Han fortel dykk at kona har vore sengeliggande det siste døgnet. Ho har ete lite og kun drukke litt saft. I tillegg er ho sløv. Vidare fortel han at kona fekk ein Alzheimer-diagnose for 6 månader sidan, og at ho gløymer ein del, men er no meir forvirra enn til vanleg. Han seier heimesjukepleien er der ein gang i uka for tilsyn og for å bistå ho med dusj. Dette seir han er for lite, og at han blir veldig sliten.

Ho var hos fastlegen for fem dagar sidan, og starta då opp med Selexid (antibiotika) på grunn av ein urinveisinfeksjon. Denne er no avslutta for litt over eit døgn sidan.

Funn:

Luftveggar: frie/opne

Respirasjon: rask, ved auskultasjon høyrest normale lungelydar

Puls - radialis: noko rask, normal fylde og regelmessig

Hud: noko varm

Vitalia:

Respirasjon: frekvens 23 og SpO2 95%

Puls: frekvens 110/min og regelmessig

Blodtrykk: 130/80 mmHg

Blodsukker: 7,5 mmol/l

Temperatur: axillært 38,5 grader

GCS: 3-3-6 = 12

Allergi: ingen kjende.

Medisinar: Arisept (mot Alzheimers), Enalapril (mot hypertensjon)

Pasienten åt ei halv brødkive til frukost, og har kun drukke litt saft sidan dette. Ho har heller ikkje vore på toalettet sidan i ettermiddag.

I oppgåvene på neste side skal du bruke DENNE casen som grunnlag der du blir bedt om det.

Oppgave 1

Respirasjon og sirkulasjon

Beskriv grunnleggande anatomi og fysiologi knytta til respirasjonssystemet og gassutvekslinga i lungene.

Beskriv grunnleggande anatomi og fysiologi knytta til sirkulasjonssystemet.

Beskriv kva for kompensasjonsmekanismar pasienten i casen presenterer, og mogleg årsak til dette.

Oppgave 2

Nyrene sine funksjonar

Kvinna i casen har symptomar knytta til urinsystemet. Beskriv oppgåvene til nyrene.

Oppgave 3

Medikament

Kvinna i casen tek Arisept og Enalapril, begge i tablettform. Beskriv to andre måtar medikament kan administrerast på, og kva som kan vere hensikten med å administrere medikament på forskjellige måtar. Bruk gjerne eksempel i forklaringa.

Oppgave 4

Omsorg, kommunikasjon, profesjonalitet

Mannen gir uttrykk for at han er sliten. Beskriv korleis du vil ivareta ektefellen i samband med dette oppdraget.

Oppgave 5

Etikk

Mannen fortel at de må frakta kona til sjukehus for behandling. Han er sliten, fortvila og orkar ikkje mer. Kona protesterar på å bli med i ambulansen. Gjer greie for korleis du vil møte dette etiske dilemmaet.

Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|----------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timer. |
| Hjelpemidler | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kilder | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Informasjon om vurderingen | <p>Kan beskrive hvordan du vil løse caseoppgaven og begrunner hvorfor</p> <p>Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen</p> <p>Viser innsikt og faglig forståelse</p> <p>Anvender korrekt fagterminologi</p> <p>Ser helheten og sammenhengen mellom teori og praksis</p> <p>Har god struktur i besvarelsen</p> |
| Andre opplysninger | <p>Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.</p> <p>Klargjøring av begreper i spørsmålsformuleringen:</p> <p>Beskriv: Gjengivelse av eller forklaring på et problemområde, situasjon eller fenomen.</p> <p>Gjør rede for: Forklaring med egne ord som viser forståelse for det en har lest/lært. Innebærer en viss grad av tolkning som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eget, og at de synspunkter som fremsettes begrunnes.</p> |

Case/situasjonsbeskrivelse

Du er på nattevakt ved en ambulansestasjon som andre års lærling.

Kl 23.00 får dere et oppdrag, kjørekode gul (kode 2).

Ved ankomst finner dere en 79 år gammel kvinne liggende i sengen. Ektemannen er tilstede. Han forteller dere at kona har vært sengeliggende det siste døgnet. Hun har spist lite og kun drukket litt saft. I tillegg er hun sløv. Videre forteller han at kona fikk en Alzheimer-diagnose for 6 måneder siden, og at hun glemmer en del, men er nå mer forvirret enn til vanlig. Han sier hjemmesykepleien er der en gang i uka for tilsyn og for å bistå henne med dusj. Dette sier han er for lite, og at han blir veldig sliten. Hun var hos fastlegen for fem dager siden, og startet da opp med Selexid (antibiotika) på grunn av en urinveisinfeksjon. Denne er nå avsluttet for litt over ett døgn siden.

Funn:

Luftveier: frie/åpne

Respirasjon: rask, ved auskultasjon høres normale lungelyder

Puls - radialis: noe rask, normal fylde og regelmessig

Hud: noe varm

Vitalia:

Respirasjon: frekvens 23 og SpO2 95%

Puls: frekvens 110/min og regelmessig

Blodtrykk: 130/80 mmHg

Blodsukker: 7,5 mmol/l

Temperatur: axillært 38,5 grader

GCS: 3-3-6 = 12

Allergi: ingen kjente.

Medisiner: Arisept (mot Alzheimers), Enalapril (mot hypertensjon)

Pasienten spiste en halv brødske til frokost, og har kun drukket litt saft siden dette.

Hun har heller ikke vært på toalettet siden i ettermiddag.

I oppgavene under skal du bruke DENNE casen som grunnlag der du blir bedt om det.

Oppgave 1

Respirasjon og sirkulasjon

Beskriv grunnleggende anatomi og fysiologi knyttet til respirasjonssystemet og gassutvekslingen i lungene.

Beskriv grunnleggende anatomi og fysiologi knyttet til sirkulasjonssystemet.

Beskriv hvilke kompensasjonsmekanismer pasienten i casen presenterer, og mulig årsak til dette.

Oppgave 2

Nyrenes funksjoner

Kvinnen i casen har symptomer knyttet til urinsystemet. Beskriv nyrenes oppgaver.

Oppgave 3

Medikamenter

Kvinnen i casen benytter Arisept og Enalapril, begge i tablettform. Beskriv to andre måter medikamenter kan administreres på, og hva som kan være hensikten med å administrere medikamenter på forskjellige måter. Bruk gjerne eksempler i forklaringen.

Oppgave 4

Omsorg, kommunikasjon, profesjonalitet.

Mannen gir uttrykk for at han er sliten. Beskriv hvordan vil du ivareta ektefellen i forbindelse med dette oppdraget.

Oppgave 5

Etikk

Mannen forteller at dere må frakte kona til sykehus for behandling. Han er sliten, fortvilet og orker ikke mer. Kona protesterer på å bli med i ambulansen. Gjør rede for hvordan du vil møte dette etiske dilemmaet.



www.vigoiks.no/eksamen